



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

## Fylkesmannen sitt rundskriv 2019/1 med kommentarar til regionalt miljøtilskot i Rogaland og rutinar for saksbehandling

Kontaktpersonar:

Monica Dahlmo, tlf 51 56 89 66, [fmromda@fylkesmannen.no](mailto:fmromda@fylkesmannen.no)

Else Fredheim Hodne, tlf 51 56 89 77, [fmroefh@fylkesmannen.no](mailto:fmroefh@fylkesmannen.no)

### 1 Innleiing

Regionalt miljøtilskot er fastsett i Regionalt miljøprogram for Rogaland. Regionalt miljøprogram er utarbeidd av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland bondelag og Rogaland bonde- og småbrukarlag. Med i styringsgruppa er i tillegg Rogaland fylkeskommune, KS og NLR Rogaland. Vilkår for å få tilskot står i forskrift om regionalt miljøtilskot i jordbruksområdet, Rogaland. Forskrifta ligg på [lovdata.no](http://lovdata.no). Omtale av ordningane og nærmare vilkår for å søkje er omtalt i rettleiingsheftet for regionalt miljøprogram i Rogaland 2019. Rettleiingsheftet er lagt ut på nettsida til Fylkesmannen under «Landbruk og mat», «miljøtiltak», tilskot til miljøtiltak.

Rundskrivet omhandlar rutinar for kommunal saksbehandling og kommentarar til ordningane. Vi viser også til rundskriv 2019-17 av Landbruksdirektoratet om saksbehandlingsrutinar for regionale miljøtilskot i jordbruksområdet- 2019.

### 2 Innhold

1	Innleiing .....	1
2	Innhald .....	1
3	Fristar og andre viktige datoar for søknadsomgangen 2018 .....	2
4	Levering og mottak av søknadar .....	2
5	Arkivering av søknadar .....	2
6	Saksbehandling .....	3
7	Kommentarar til dei ulike ordningane .....	5
8	Dispensasjon .....	10



9	Stadleg kontroll.....	10
10	Avkorting .....	12
11	Omgjering av eige vedtak og handsaming av klage.....	12
12	Innspel til Regionalt miljøprogram .....	12

### 3 Fristar og andre viktige datoar for søknadsomgangen 2019

31. juli	Telledato og frist for registrering av areal med miljøverdiar, merking av tursti, avmerking av tursti på kart.
1. august	Søkjarane kan levere søknad.
15. oktober	Siste søknadsfrist for søknad om miljøtilskot. Kommunane kan ikkje starte saksbehandling i eStil før søknadsfristen er gått ut. Dette er fordi søker kan velje å sende inn søknaden på nytt.
15. november	Siste søknadsfrist for søknad om tilskot til organisert beitebruk.
1. desember	Frist for å gjennomføre stadleg kontroll
10. januar	Frist for første gongs saksbehandling i eStil for kommunane.
14. februar	Frist for endeleg vedtak/attestering av søknadane til utbetaling.
28. februar	Frist for endring av kontonummer i Altinn (søkjar) og i LREG- tenester (kommunen)
	Tilskotsbrev blir tilgjengeleg i Altinn mellom 29. februar og 12. mars.
12. mars 2019	Utbetalingsdato.

### 4 Levering og mottak av søknadar

Søknadar om regionalt miljøtilskot kan leverast via Altinn eller på papir til kommunen. Søknad på papir skal vere postlagt eller levert til kommunen seinast på dagen for siste søknadsfrist. For seint leverte søknadar får eit automatisk trekk på kr 1000 per virkedag. Kommunen må ved registrering av papirsøknad leggje inn rett søknadsdato. Kommunen skal avvise søknadar som blir levert seinare enn 20 virkedagar etter søknadsfristen. I eStil blir søknaden automatisk registrert som avvist, men kommunen må sende vedtak om avvisning til søker.

Søknadsskjema på papir skal vere underteikna av søker. Berre personar som har ei rolle i føretaket eller på annan måte har fått skriftleg fullmakt av føretaket, kan underteikne søknaden. Innehavar i føretaket kan delegera oppgåver til andre personar i Altinn. Fanekortet *Roller Person* under føretaket i Landbruksregisteret, viser kva personar som er registrerte i Einingsregisteret med fullmakt til å forplikte føretaket. Desse opplysningane finn ein òg ved å søkje på [www.brreg.no](http://www.brreg.no).

### 5 Arkivering av søknadar

Kommunane må bruke sine eigne system for å arkivere søknadane. Dette blei innført hausten 2018. Søknadsdokument og tilskotsbrev blir overført frå eStil-RMP til kommunane via SvarUT den 15. i kvar månad. Dersom kommunen ikkje har SvarUt går dokumenta til kommunen sin postboks i Altinn. Vi anbefaler at kommunane les side 32–33 i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv.



## 6 Saksbehandling

### 6.1 Alle søkerar skal ha svar

Kommunen skal saksbehandle og gjere vedtak for alle søknadar som kjem inn. Kommunen skal enten avvise, avslå eller godkjenne søknaden. Søkjar skal ha skriftleg svar på sin søknad der det er opplyst om klagerett. Avslag og avvisinger skal kommunane sende fortløpande til søker. Søkerar som får godkjend og attestert søknaden sin i eStil får automatisk eit «tilskotsbrev» rett før hovudutbetalingsa.

#### Avvisning av søknadar

Å avvise ein søknad er å la vere å ta saka til handsaming fordi dei formelle vilkåra i saka ikkje er oppfylte. Søknadar som manglar underskrift eller er underteikna av andre enn den som pliktar føretaket, skal avvisast og sendast i retur til søker. Søknadar frå føretak som ikkje er registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen, skal avvisast. Søknadar som er levert meir enn 20 dagar etter søknadsfristen, skal òg avvisast. Kommunen må sjølv sende vedtaket til søker.

#### Avslag på søknadar

Søknadar som er tatt opp til behandling, men som ikkje fyller vilkåra for å få tildelt tilskot, skal ha avslag, og kommunen skal sende avslaget til søker utanom eStil. Søknadar som kjem ut med kr 0 i utbetaling på grunn av avkortinger eller trekk på grunn av for seint levert søknad, skal kommunen godkjenne og attestere. Kommunane slepp i desse tilfella å sende eige brev til søker utanom eStil. Alle søkerar som får søknaden sin attestert får det autogenererte tilskotsbrevet i Altinn.

### 6.2 Søknadar «under registrering»

Dersom eit føretak opnar søknadsskjemaet i Altinn og startar arbeidet med å fylle ut søknaden, vil den få status «under registrering». Søknadar som er «under registrering» er framleis ikkje levert av søker, og kommunane kan ikkje starte å behandle desse før dei er sendt inn. Vi anbefaler at kommunane tek kontakt med føretak som har søknadar under registrering for å avklare om dei vil levere søknad eller ikkje.

### 6.3 Registrering av papirsøknadar

Frå 1. august kan kommunane registrere papirsøknadar i eStil. Ved mottak av papirsøknadar skal kommunen føre på mottaksdato og registrere søknaden i arkivsystemet. Søkjaren må gjere greie for kvar tiltaka er, (t.d. merke av på papirkart). Det er først når søknaden er tatt til behandling at kommunen kan teikne inn tiltaka i eStil-kartet.

### 6.4 Vurdering av søknadar

Kommunen skal i sin saksbehandling gå igjennom opplysningane som er gitt i søknaden og vurdere desse opp mot krava i dei ulike tilskotsordningane. Det er ingen automatisk kontroll i eStil-RMP mot eStil-PT eller mot kartavgrensinger. Derimot er det ved inntekning av tiltaka i kart ein del avgrensinger på kvar tiltaka kan teiknast, og einskilde tiltak blir klipt mot andre kartlag, t.d. eigedomsgrenser. Landbruksdirektoratet har laga ei oversikt over dette som er å finne på denne adressa: [https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/bruk-av-kart/\\_attachment/31503?ts=146fbef2c48&download=true&download=true&download=true&download=true&download=true](https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/bruk-av-kart/_attachment/31503?ts=146fbef2c48&download=true&download=true&download=true&download=true&download=true)

#### Det er viktig at kommunane manuelt vurderer om:

- søkeren disponerer areala det er søkt tilskot til,



- områda har miljøverdien det er søkt tilskot til,
- tilskot med geografisk verkeområde gjeld i dei områda det er søkt tilskot til,
- tiltaka er utført i tråd med skjøtselsråda.

### Disponering av areal

Det er den som disponerer arealet som kan søkje regionalt miljøtilskot. Å disponere eit areal betyr at føretaket må utføre eller administrere oppgåver som jordarbeidning, såing, gjødsling, hausting/beiting, gjerding osv. Det er den som søker produksjonstilskot på jordbruksarealet som kan søkje regionalt miljøtilskot til same areal. Dersom skjøtselen blir utført på leigd areal, så kan ikkje skjøtselen vere i strid med avtalen mellom leigar og eigar. Det er ikkje krav til skriftleg avtale for bruk av utmark, men det er anbefalt. Eigar og leigar avtaler seg i mellom korleis regionalt miljøtilskot påverkar leigeprisen.

Vi anbefaler at kommunane først vurderer søknad om produksjonstilskot og seinare søknad om regionalt miljøtilskot.

### Kartfesting av miljøverdiar

Fleire ordningar gjeld berre der det er kartlagd spesielle miljøverdiar. I eStil-kartet er det mogleg å slå på kartlaga; slåttemark, slåttemyr, kystlynghei, og naturtypar (viser fleire ulike naturtypar). For tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl, låg tilrettelegging og skjøtsel av biologisk verdifulle areal, så må kommunane sjå til [www.temakart-rogaland.no/rmp](http://www.temakart-rogaland.no/rmp). Områdeavgrensingane må som hovudregel vere sett før 31. juli.

I dei fleste ordningane under biologisk mangfald skal arealet det blir gitt tilskot til vere registrert i Naturbasen. Der registreringa er gjort og oppdateringane av Naturbasen er i prosess, er ei skriftleg stadfesting frå miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen tilstrekkeleg.

### Geografiske verkeområde

Fleire av ordningane gjeld berre i bestemte område. Kommunane kan bruke [www.temakart-rogaland.no/rmp](http://www.temakart-rogaland.no/rmp) til hjelp i saksbehandlinga. Dersom ein teig blir delt av to ulike nedbørdfelt, skal kommunen godkjenne heile teigen for tilskot til miljøavtaler.

### Skjøtselsråd

Nytt i 2019 er at krav om skjøtselsplan er erstatta med skjøtselsråd. Skjøtselsråda er retningslinjer for korleis skjøtselen skal vere for å oppnå ein gitt miljøverdi. For å ha rett til tilskot må føretaket ha utført skjøtselen i tråd med skjøtselsråda. Kommunen skal avslå tilskot dersom skjøtselen ikkje er gjort slik at miljøverdiane blir tatt vare på eller forbetra. Søkjaren må kunne gjere greie for kva som er gjort/korleis skjøtselen har vore.

### Kart

Kommunen kan endre søkjær sine kartregistreringer når søknaden er under behandling. Kommunen må rette opp feil i kartet. Søkjærane vil ved neste års søknad få spørsmål om å importere kartdata frå tidlegare år. Sidan kartdata er kjelde til arealopplysningar i søknaden er det lett at feil blir gjentatt viss karta ikkje blir oppdatert

## 6.5 Endring av søknadsverdiar

Dersom søknadsverdiar blir endra skal kommunen nytte kommentarfelt/merknadsfelt. Dersom søkeren får mindre tilskot/ikkje får tilskot, så må søkeren kunne forstå kvifor. Kommentarfeltet i eStil som ligg til høgre for godkjend verdi er til intern bruk i kommunen. Under tiltaket er det felt:



«Merknad til tiltak .. i tilskuddsbrev, og det er dette feltet som kommunen skal bruke for å forklare endringar til søkeren.

Særskilt for 2019: Kommunen kan rette opp i unøyaktige inntekninger i kartet.

Dersom søkeren ønsker å føre på nye tiltak eller nye einingar (dyr/dekar/meter) etter søknadsfristen, så skal han levere inn ny søknad. Dermed kjem trekkregelen inn. Vi viser her til side 10–11 i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv.

## 6.6 Attestering av søknadar

Kommunen må innan gitt frist gå inn i eStil og attestere godkjende søknadar for utbetaling. Søknadar som ikkje er attestert vil ikkje bli utbetalt. Kommunen fattar vedtak når dei attesterer søknaden.

# 7 Kommentarar til dei ulike ordningane

I rettleiingsheftet er det skjøtselsråd til ordningane, og vi legg til grunn av kommunane set seg inn i desse ved behandling og kontroll av søknadar.

## 7.1 Skjøtsel av bratt areal

Arealet må tilfredsstille krava til bratt areal jamfør NIBIO sine kart over bratt areal. Areala skal vere i aktiv drift og bli beita eller slått. Graset skal ikkje ligge att på marka, og det er ikkje nok å bruke beitepussar. Areala skal ikkje ha for mykje ugras eller bere preg av attgroing.

## 7.2 Beite av verdifulle jordbrukslandskap i innmark.

Formålet med tilskotet er å halde i hevd jordbruksareal i område som er spesielt verdifulle. Areal som er grodd igjen med kratt og vekstar, og som tydeleg viser at det verken er beita eller slått, kvalifiserer ikkje for tilskot. Det same gjeld areal der det er mykje problemugras, og der søker ikke har følgt opp varsel frå kommunen. Døme på problemugras er: høymole, lyssiv, åkertistel, veggistel, myrtistel, landøya, m.fl.

Tilskotet gjeld for alt jordbruksareal på utvalde bruk. Nokre av desse brukna har teigar som blir slått i staden for/ eller i tillegg til å bli beita. Desse teigane kvalifiserer likevel for tilskot. Alternativt måtte vi tatt i bruk ein eigen tiltaksklasse «slått av verdifulle jordbruk» for desse areala. I og med dette gjeld små område, samt at mange område både blir slått og beita, så har vi valt å ha alt i ein tiltaksklasse uavhengig av haustemetode.

## 7.3 Slått av slåttemyr eller slåttemark

Det er få område i Rogaland som er registrert med desse naturtypane, så her blir ein del av saksbehandlinga å sjekke om arealet er registrert i Naturbase. Tilskotet blir gitt når nødvendig skjøtsel er gjort. Ved kontroll må søker kunne gjere greie for korleis skjøtselen har vore, og areala må synfarast slik at kommunen ser at dei er hausta.

For slåttemark er det viktig at slåtten blir tatt seint nok, og at graset blir fjerna frå området. Det er ikkje krav til slåtteutstyret. Dersom arealet blir beita om våren må dyra takast vekk frå beitet innan utgangen av mai, slik at blomsterplantene får høve til å vekse opp og bløme. Areala skal bere preg av mykje urter/blomstrar av artar som krev mykje lys og lite næring. T.d. prestekrage, blåklokke og



kystmaure. Slåttemarker er ofte skrinne og med glissen vekst. Marka skal ikkje bere preg av å ha blitt gjødsla,

Tilskot til slåttemyr er nytt i Rogaland, så kommunen må vere ekstra merksam på ordninga. Areal som berre er beita og ikkje er slått kvalifiserer ikkje for tilskot. Vi anbefaler at søkerar tek kontakt med faginstansar for å få ein skjøtselplan, då rett skjøtsel avhenger av vekst og artar på arealet. Kommunen kan gi SMIL-midlar til å utarbeide slik skjøtselsplan.

## 7.4 Beiting av kystlynghei

### Berekning av areal

Tilskotet blir utmålt per dekar. Bart fjell og vatn skal ikkje inngå i arealgrunnlaget. Kommunen må vere merksam på at det å teikne i kartportalen i eStil berre gir bruttoareal. Anten må kommunen prøve å teikne så nøyaktig som mogleg, eller så må dei redusere godkjend verdi slik at det reelt er kystlynghei som inngår i arealgrunnlaget.

Søkjaren skal kunne svare på kor mange dyr som har gått i området til ulik tid. Det skal berre bli gitt tilskot til areal der det er ei reell beiting av kystlyngheia. Etablert lyng skal vere beita i minimum 8 veker.

Det er vanleg at fleire føretak har beitedyr i same område/inngjerding med kystlynghei. Kommunen må i slike tilfelle fordele tilskotsarealet mellom søkerane ut i frå dyretal, og vere merksam på eventuell omgåing av tilskotstak.

### Vurdering av beitetrykk

Beitetrykket skal ikkje vere for lågt eller for høgt. Kor mange dyr det kan vere på eit område vil variere. Lyngheisenteret på Lygra reknar 15 daa lymark som passer areal per villsau. NLR-einingane i Rogaland har samarbeidd om ein rapport om beitetrykk i kystlynghei. Rapporten vil vere nyttig i vurderinga av dyr/dekar. Den er lagt ut på heimesida til Fylkesmannen under Miljøtiltak/tilskot til miljøtiltak.

For å vurdere beitetrykket må ein sjå på kvaliteten til lyngen og vurdere kor mykje gras det er. I tillegg må ein sjå om det er oppslag av lauvtre. Viss det er mykje gras på tørre område og lite lyng, kan det bety at området er blitt beita for hardt. Er det mykje oppslag av lauvtre og gamal forveda lyng (over 20-30 cm) er det teikn på for lågt beitepress. Brenning vil her vere eit tiltak.

Der det ikkje er gjerde mellom innmark og utmark må kommunane vurdere om det er sannsynleg at dyra nyttar utmarka i tillegg til innmarka. Her må kommunen sjå på storleiken til innmarksbeitet kontra lyngområdet. Når beitinga har skjedd er også eit moment i vurderinga. Dyr som går ute tidleg vår/sein haust/ vil i større grad nytte lyngområda.

### Dyrehold

Beiting med utegangardrift skal skje etter godkjenning frå Mattilsynet. Dyrehaldet skal tilfredsstille krava til merking og til god dyrevelferd.

## 7.5 Skjøtsel av biologisk verdifulle areal

I denne ordninga inngår no tre ulike naturtypar; naturbeitemark, hagemark og myr som ligg ved jordbruksareal.



På temakart-rogaland/rmp vil kommunane kunne sjå kva område som kvalifiserer for tilskot. Myrområda som kvalifiserer for tilskot er dei same som dei som tidlegare var definert i tilskotsordninga «slått av biologisk verdifulle areal». Areala skal ha uggjødsla preg og ha innslag av urter. Areala skal vere beita.

## 7.6 Skjøtsel av styvingstre

Kommunane må vere særleg merksame på at tilskot til styving no blir gitt det året treet blir styva, og ikkje per år som tidlegare. Dersom søkjearane ikkje er merksame på endringa, vil det bli store feil i søknadane.

Trea skal vere styva godt over beitehøgda til husdyra. Det vil seie om lag 2,5 – 3 meter over bakken. For å ha rett til tilskot må trea vere styva. Same tre kan ikkje få tilskot oftare enn kvart 5. år. Det gjeld sjølv som søkeren «tek ei grein om året». Restaurering av eldre felt med styvingstre er krevjande, og det kan vere fornuftig å løyve SMIL-midlar til slike tiltak.

## 7.7 Soner for pollinerande insekt

Tilskot til soner for pollinerande insekt er nytt i 2019. Det kan anten gis tilskot til:


- Etablerte areal med blomstrande vekstar, til dømes åkerholmar, skråningar ved jordbruksareal, tidlegare beiteareal og liknande.
- Striper på jordbruksareal som er tilsådd med eigna frøblandingar.

Areala kan ikkje vere gjødsla, sprøyta eller beita. Arealet skal slås seinsommar, etter ferdig blomstring, og plantemassen skal fjernast. Det kan vere innslag av tre på etablerte areal. Areal med tre aleine kvalifiserer ikkje for tilskot, det skal vere frøplantar i tillegg. Ulike insekt har ulike preferansar for planter, og difor skal det vere ulike blomsterplanter på areala. Reinbestand av t.d. kløver, geitrams og liknande kvalifiserer ikkje for tilskot.

Det blir frå fleire hald arbeidd med å få eigna frøblandingar på marknaden. Til nå er det eit svært avgrensa utval. Målet er mest mogleg stadeigne artar. Dersom det blir brukt frøblandingar skal dei ikkje innehalde framande artar som har større risiko for spreiing enn «lav risiko». Det er Artsdatabanken som vurderer risiko, på deira heimeside:

<https://artsdatabanken.no/fremmedartslista2018> er det mogleg å søkje opp ulike planteartar.

Sona må vere minimum 2 meter brei. Dersom det er snakk om heile teigar, kan ein berekne fleire stripere. Tilskotstaket på ordninga er 5000 kr, og tilskotssatsen er 40 kr per meter. Lengre stripere enn 125 meter utløyer difor ikkje tilskot.



Feltkontroll av areala bør vere i august, før dei blir hausta.

## 7.8 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Frå 2019 er innføring av to tiltaksklassar i denne ordninga som tidlegare blei kalla «fuglerike biotop» – «høg tilrettelegging» og «låg tilrettelegging».



## Høg tilrettelegging

Nytt frå 2019 er tilskot til tilrettelegging for Vipe i Time kommune. Vipa liker å hekke på areal med jord i dagen, typisk pløgd areal. Det gjer areala opne og oversiktlege slik at ho kan oppdage fiendar. Tilskotet blir gitt for å halde areala urørt og pløgd i perioden 10. mars-1. juni. Det kan også vere areal som blir pløgd på hausten, og som ligg urørt i perioden 10. mars -1. juni. Med urørt meinast det at areala ikkje skal køyrist på i denne perioden. Det betyr at gjødsling og sång må vente til etter 1. juni.

**Frå 2020 opnar vi for at bønder andre stader i fylket innan 15. oktober melder inn til landbrukskontoret at dei vil vere med på ordninga i 2020.**

## Låg tilrettelegging

I tiltaksklassen låg tilrettelegging blir det gitt tilskot til våtmarksbeiting på areal som er merkt av i Temakart-Rogaland. Dette svarar til den tidlegare tilskotsordninga med det unnataket av verneområda er tatt ut i kartet. Årsaka er at det er midlar i vernebudsjetta til å inngå skjøtselsavtalar om beiting. Dersom det er område med etablert beitepraksis som av tidsmessige årsaker i 2019 ikkje får avtale, så vil desse få regionalt miljøtilskot.

Krava til beiting er som tidlegare. Områda skal ikkje bere preg av å vere gjødsla, og det skal ikkje leggast tilleggsfôr (grovfôr) i områda som det blir gitt tilskot til. Det skal vere tydeleg at områda er beita.

## 7.9 Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne og Skjøtsel av gravminne

Areala med kulturminne må ligge på eller i direkte tilknyting til jordbruksareal. Det er tilstrekkeleg av lokaliteten (arealet som er fargelagt blått på gardskartet) ligg inntil eit jordbruksareal. Ved kontroll skal kommunane sjå til at kulturminna er synlege, og at areala kulturminna ligg på er skjøtta. Det skal ikkje vere gjort inngrep som kan vere skadeleg for bevaringa av kulturminnet. Ein lokalitet kan innehalde fleire enkeltminne. For å vurdere kor mange gravminne søkjaren har, så må kommunane slå opp lokaliteten i Askeladden, Riskantikvaren sin database over kulturminne.

## 7.10 Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet

Turstien må gå over jordbruksareal eller langs jordbruksareal. Merk at turstiar i skogplantefelt og setervegar ikkje lenger er ein del av ordninga. Det betyr at mange søkerar må rette opp i kartet når dei søker. Alternativt må kommunane rette opp i kartet ved behandling av søknaden. Stien skal vere merka og teikna inn på offentleg tilgjengeleg kart før 31. juli. Kommunen må vurdere om stien er ein del av eit turstinettverk eller rundløype.

## 7.11 Fangvekstar etter hausting

Fangvekstane skal vere sådd direkte etter tidleg hausting av potet eller grønsaker. Den skal vere godt etablert ved kontroll om hausten, og skal ligge i ro (ikkje jordarbeidast) gjennom vinteren. Årsaka til at det ikkje skal vere meir enn 15 % belgvekstar i fangveksten er fare for tap av nitrogen ved frysing/tining i vinterhalvåret.

## 7.12 Grasdekt sone i åker

Ordninga liknar på tidlegare tilskot til vegetasjonssoner, og tilskotet gjeld i definerte område. Krav til minste breidde av fleirårig gras er no 6 meter (tidlegare krav om minimum 10 meter). Sona skal ligge på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Kontrollen kan gjerne skje på hausten. Sona skal vere hausta og ikkje vere jordarbeidd. Sona skal ligge langs vassdrag. Dersom sona startar meir enn 20 meter frå



vasskanten, så ligg den for langt unna til at det er «langs vassdrag». Merk at sona skal ligge på jordbruksareal og kome i tillegg til vegetasjonssone (upløgd sone) nærmast vassdraget.

### 7.13 Kantsone i eng

Ordninga liknar på tidlegare «ugjødsbla randsoner». Nytt er redusert krav til breidde på minimum 4 meter. På same måte som Grasdekt sone i åker skal sona ligge på fulldyrka eller overflatedyrka areal og starte nærmere vassdraget enn 20 meter. Tilskotet gjeld i definerte område.

Kontroll av randsonene bør skje tidleg på året etter at veksten er i gang og vårgjødslinga er unnagjort. Det ugjødsbla arealet skal skilje seg fra gjødsbla areal med tanke på farge (vere lysare). Det er også naturleg at ugjødsbla areal inneholder meir kløver og andre vekstar. I sonen skal det ikkje ha blitt brukt plantevernmiddel.

### 7.14 Miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel

Tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing gjeld i definerte kommunar. Tilskot til tilføringsslangar blir berre gitt i kombinasjon med nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel. Kommunane må vurdere om søkjær disponerer areala. Det er den som søker produksjonstilskot på arealet som skal ha tilskotet til miljøvenleg spreiing, ikkje den som står for arbeidet (der det er ulike personar).

Ved stadleg kontroll skal kommunane be om å sjå skiftenoteringar. Det skal gå fram av skiftenoteringane kva gjødslingsmetode som er brukt, spreiemengde og tidspunkta for gjødslingane. Føretak som ikkje disponerer utstyr sjølv må kunne leggje fram kvittering for leige av utstyr. Føretaka må ha nok lagerkapasitet slik at det er pårekneleg at det ikkje blir spreidd etter fristen.

Fylkesmannen kan ikkje lenger utsette spreiefristen 10. august på grunn av spesielle klimatiske tilhøve. Føretak som får problem med fristen må søkje dispensasjon som Fylkesmannen må behandle enkeltvis.

### 7.15 Miljøavtale

Ein miljøavtale er ein avtale mellom landbruksføretak i utvalde område og kommunen. Nytt i 2019 er innføring av miljøregistreringar. Søkjaren må i løpet av dei tre første åra med miljøavtale ha ein miljøregistrering. Det er kommunen som er ansvarleg for miljøregistreringa. Søkjarane skal kvart år legge ved kopi av gjødslingsjournal til kommunen. Første år må søkjaren i tillegg sende inn gjødslingsplan og kopi av gjødselprøve.

Gjødslingsjournalen skal vere sett opp skiftevis, og tidspunkta for gjødsling, mengde og type gjødsel (mineralgjødsel og husdyrgjødsel) skal gå fram av journalen. Søkjar skal i tillegg ha gjort andre nødvendige tiltak som t.d ikkje jordarbeidd om hausten, og anten ha kantsone i eng eller grasdekt sone i åker på areal som ligg langs vassdrag.

Når kommunen behandler søknad om tilskot så skal dei vurdere om gjødslinga er i tråd med avtalen. Søkjarane må ha nok tiljengeleg spreieareal slik det er pårekneleg at det ikkje har blitt gjødsla med meir enn 3 kg fosfor per dekar.

### 7.16 Organisert beitebruk

Søknadsfristen om driftstilskot for beitelag er 15. november. Nytt i 2019 er at tilskotet blir gitt til dyr sleppt på beite, ikkje berre heimsanka dyr. Kommunen må sjå etter at nye medlemer er registrerte i Landbruksregisteret. Før det kan bli gitt tilskot til nye beitelag, må beitelaget ha registrert seg i Brønnøysundregistrene og fått organisasjonsnummer. Dei må i tillegg ha godkjende vedtekter m.m..



Kommunen må godkjenne det nye beitelaget før dei kan søkje om tilskot. Beiteområdet må teiknast inn på kart og sendast inn til Fylkesmannen. For nye lag er minstekravet 5 medlemer og 300 småfeeiningar. Elles viser vi til krava for beitelag som finst i Rettleatingsheftet for organisert beitebruk.

## 8 Dispensasjon

Fylkesmannen kan i særskilte tilfelle gje dispensasjon frå krava i forskrifta. Det blir ikkje gitt dispensasjon frå utrekningsreglane eller satsane. Vidare blir det ikkje gitt dispensasjon frå telledato eller frå tilskotstak. Søknad om dispensasjon skal sendast til Fylkesmannen via kommunen. Kommunen skal komme med uttale til søknaden, og tilrå om dispensasjon bør gis eller ikkje.

Føretak som treng dispensasjon for både søknad om RMP-tilskot og søknad om produksjonstilskot, kan søkje om dette samla. Det må då opplysast om at dispensasjonssøknaden gjeld begge tilskotsordningane.

Fylkesmannen har ansvar for at saka er godt nok opplyst/dokumentert før dispensasjonsvedtak blir gjort, jf. forvaltningslova § 17 første ledd, og kan krevje at kommunen innhentar alle dei opplysningane som er nødvendig for å avgjere saka.

## 9 Stadleg kontroll

Kontroll av søknadar skal sikre rett praksis. Føremålet med kontroll er å undersøkje om skjøtselen av areal er i tråd med intensjonane for tilskot, og om data som er gitt i søknaden er rette, slik at rett beløp kan bli utbetalt. Kontrollen skal gjennomførast ved synfaring på det aktuelle bruket.

Kommunen skal kontrollere 5 % av søkerane av RMP og skriftleg dokumentere vurderingane og prioriteringane som er grunnlaget for utplukket.

Kommunen skal plukke ut kontrollobjekta etter ei risikovurdering, og krav i forvaltningslova om varsel av kontroll skal følgjast. Vi viser her til Landbruksdirektoratet sitt rundskriv side 22-14.

Søknadsfristen for RMP er 15. oktober, og er samanfallande med søknadsfrist for produksjons- og avløysartilskot. Kommunane vil få stor arbeidsbelasting i perioden 15. oktober -15. desember. Telledato for ordningane i RMP er 31.07, og søknadar kan leverast frå 1. august. Kommunen kan velje å kontrollere areal frå 1. august til dei som har søkt. Det vil seie at delar av søknaden kan kontrollerast før endeleg søknadsfrist har gått ut. Vurdering av arealtilstand og skjøtsel må gjerast på tidspunkt på året der drifta av arealet er synleg, og kommunen kan gjere ei reell vurdering om intensjonen med tilskotet er følgt.

Søkjaren vil framleis kunne levere søknaden på nytt før 15. oktober. Ved kontroll av arealtilstand og skjøtsel før 15. oktober må kommunen følgje opp søknaden etter søknadsfrist, og sjå om søker har sendt inn ny søknad.

Kommunen kan i heile vekstsesongen reise ut på synfaringar. Resultata frå synfaringar kan brukast som dokumentasjon i saksbehandlinga, og for å ivareta behovet for vurdering av arealtilstand i seinare kontroll. Dette gjeld særleg ordningane randsoner i eng, og soner for pollinerande insekt.



Viss kommunen under ei slik synfaring finner avvik frå ønska drift må det dokumenterast. Driftsansvarleg må gjerast kjend med avviket.

### 9.1 Gjennomføring av kontrollen

Kommunen skal kontrollere at dei opplysningane som søkeren har gitt om dei valte kontrollobjekta er korrekte, og at skjøtselen er i tråd med skjøtselsråd og vilkår for ordninga.

Søkjar skal kunne legge fram gjødslingsplan og journal og register over bruk av plantevernmiddel.

#### Gjødslingsplan

Krava til innhald og oppsett av gjødslingsplanen følgjer av forskrift om gjødslingsplanlegging, og Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 17/2003 inneholder retningslinjer til forskrift om gjødslingsplanlegging.

I Rogaland har det tidlegare vore praksis med 5-årige gjødslingsplanar for areal med grasproduksjon. Kommunane må merke seg at hovudregelen er årleg gjødslingsplan. Landbruksdirektoratet sitt rundskriv omtaler kven som kan få unntak frå denne regelen. Det er søker som må kunne dokumentere at gjødslingsplanen er årleg. I Rogaland må kommunane vere særleg merksam på bruk og mottak av husdyrgjødsel. Gjødslingsplanen skal vise korleis all husdyrgjødsla føretaket har til disposisjon blir fordelt på skifta. Skriftlege avtalar på spreieareal og kvittering for levert/motteke gjødsel er nødvendige vedlegg til gjødslingsplanen. Får føretaket organisk gjødsel frå andre, må dette komme fram av gjødslingsplanen. Merk at organisk gjødsel ikkje berre inkluderer rein husdyrgjødsel, men også andre produkt som blir omfatta av forskrifta om organisk gjødsel.

Gjødslingsplanen skal vise ein planlagd bruk av gjødsla som er forsvarleg. Dersom vekstforholda blir annleis enn det ein tok høgde for under planlegginga, skal gjødslingsplanen bli justert i samsvar med behovet. Bruk av store mengder husdyrgjødsel der fosfortala i jorda er svært høg, t.d. P- Al-verdiane er over 40, vil ikkje vere i tråd med kravet om forsvarlege mengder. I desse tilfella må føretaket vise til at dei planlegg god fordeling av husdyrgjødsla slik at ikkje fosfortala aukar ytterlegare. Så framt vekstkulturen ikkje har særskilte næringskrav som kjem fram av gjødslingsplanen, skal føretaket ikkje tilføre meir fosfor enn det plantane kan hente ut i avling. For grasproduksjon med normal avling vil det utgjere om lag 3 kg fosfor per dekar. Dette er 0,5 kg mindre enn det ved maksimal utnytting av spreiearealet (i snitt) kan bli tilført<sup>1</sup>.

#### Bruk utskrift av søknaden som kontrollsjkema

I eStil-RMP er det ikkje eit eige kontrollsjkema. Vi anbefaler kommunane å ha med seg utskrift av søknaden på stadleg kontroll. Dersom kommunen finn avvik frå søknaden, så føres det på søknaden saman med dato for kontroll og underskrift frå kommune og søker.

---

<sup>1</sup> Ei gjøseldyreining (GDE) tek utgangspunkt i produksjon av 14 kg fosfor. 1 GDE krev 4 dekar og det betyr i snitt 3,5 kg fosfor per dekar.



## 10 Avkorting

Vi viser til Landbruksdirektoratet sitt rundskriv side 25-31. I 2019 må søkerane teikne inn alle tiltak på nytt inn i kartet. Det vil føre til fleire unøyaktige innteikningar. Kommunane treng ikkje vurdere avkorting for feilopplysningar i slike tilfelle.

## 11 Omgjering av eige vedtak og handsaming av klage

Vedtak gjort av kommunen kan klagast på til Fylkesmannen. Klagefristen er 3 veker frå søker mottek vedtaket, jf. forvaltningslova § 29. Kommunen skal behandle klagen. Kommunen kan enten fatte nytt vedtak om tilskot eller oppretthalde det påklaga vedtaket. Blir klagen ikkje tatt til følgje, skal saka bli sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Fylkesmannen sitt vedtak i ei klagesak er endeleg og kan ikkje klagast på vidare, jf. forvaltningslova § 28. Fylkesmannen skal ha kopi av saker der kommunen tek klagen til følgje. Årsaka er at vi må beregne kor mykje midlar som kvart år skal settast av til vedtak som blir omgjort etter 2. behandling.

Ved 2. behandling gjenopnar kommunane søkeren, gjer nødvendige endringar, godkjenner (avslår/avviser) og attesterer søkeren på nytt. Differanse mot 1. vedtak blir automatisk berekna, og anten blir det sendt nytt tilskotsbrev eller faktura med krav om tilbakebetaling av tilskot gjennom eStil- RMP. Dersom 2. behandling fører til avslag/avvisning, så må kommunen sende vedtaksbrev utanom eStil.

**Kommunane må ved 2. behandling hugse å gjere nødvendige oppdateringer i merknadsfeltet til søker.**

Vedtak gjort av Fylkesmannen i første instans kan klagast på til Landbruksdirektoratet.

Klage på vedtak gjort av Fylkesmannen skal stilstas til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 32. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje, blir saka sendt vidare til Landbruksdirektoratet for endeleg avgjerd.

Endeleg avgjerd i vedtak fatta av Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet blir sendt til kommunen for effektuering.

## 12 Innspel til Regionalt miljøprogram

Ønskjer om endringar i Regionalt miljøprogram kan spelast inn via kommunen. Kommunen sender desse vidare til Fylkesmannen sitt postmottak. Fylkesmannen har to møte i året i styringsgruppa for RMP og SMIL (normalt i januar og juni), og kan behandle mindre endringar i RMP.